

ÅSMUND TVEIT
Tveitevegen 46
5966 EIVINDVIK

Vår dato: 30.08.2021
Vår ref.: 202013153-11
Arkiv: 311
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Silje Aakre Solheim
22959544/saas@nve.no

Gjemlielva mikrokraftverk er vurdert ikkje konsesjonspliktig – Gulen kommune i Vestland

Vi syner til melding sendt inn 21.1.2021 om Gjemlielva mikrokraftverk. NVE skal på bakgrunn av opplysningane i meldinga avgjere om utbygginga medfører slike skader eller ulemper for allmenne interesser at tiltaket må ha konsesjon etter vassressurslova § 8.

Orientering om tiltaket

Åsmund Tveit ber NVE vurdere om planane han har om å bygge Gjemlielva mikrokraftverk er konsesjonspliktige etter vassressurslova. Inntaket er planlagt på kote 150 i Gjemlielva. Røyrgate frå inntak til kraftstasjonen på kote 70 skal gravast ned på innmarksbeite i heile si lengde på ca. 350 m. Det skal også gravast ei 420 m lang kabelgrøft frå kraftstasjonen til tilknytingspunkt for nett. Straum skal brukast på eigen eigedom og overskot skal leverast på nett. Tabellen under viser hovuddata for kraftverket.

Gjemlielva mikrokraftverk - hovuddata		
TILSIG	Hovudalternativ	
Nedbørfelt	km ²	0,4
Middelvassføring	l/s	62
Alminneleg lågvassføring	l/s	0
Planlagt minstevassføring	l/s	0
KRAFTVERK		
Inntak	moh.	144
Avløp	moh.	69
Brutto fallhøgde	m	75
Volum på inntaksmagasin	m ³	9000
Lengde på aktuell elvestrekning	m	350
Høgde på inntaksdam	m	1
Diameter på røyr	mm	315
Slukeevne, maks	l/s	124
Installert effekt, maks	kW	80

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Høyring

Meldinga er sendt **Gulen kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland** på høyring. Dette vert rekna som tilstrekkeleg for meldingar. NVE har motteke følgjande uttalar:

Vestland fylkeskommune uttalte seg den 29.3.2021:

«Pr. i dag kjenner vi ikkje til viktige kulturminne eller kulturmiljø i områda der tiltaka er planlagde. Det gjeld både kulturminne frå nyare tid og automatisk freda kulturminne. Det har ikkje blitt gjennomført kulturminneregistrering her heller.

Vi ser at delar av areala, ut frå topografiske forhold, har potensiale for automatisk freda kulturminne. Det er kulturminne som vil ha samanheng med jordbruk i førhistorisk og tidleg historisk tid. Det gjeld spesielt areal for leidningsgrøfta fram til påkopling til leidningsnettet.

Vi gjer merksam på at dersom tiltaket går vidare og kan bli realisert, må fylkeskommunen få høve til å vurdere detaljerte planar og til å kunne gjennomføre nærare undersøkingar før tiltak blir realisert.»

Statsforvaltaren i Vestland kom med uttale den 19.3.2021:

«Statsforvaltaren har ikkje avgjerande merknader til meldinga om Gjemlielva kraftverk.

Vi viser til oversendinga 3. februar i år som gjeld førehandsvurdering av konsesjonsplikt for Gjemlielva kraftverk.

Om meldinga

Det er planlagt inntak i Gjemlielva på kote 144, og kraftstasjon på kote 69. Vassvegen blir 350 meter lang, i nedgraven røyrgate. Middelvassføringa er oppgitt til 62 l/s, og maksimal slukeevne er 124 l/s. Elva har ikkje årssikker vassføring. Elva renn gjennom skog, og er dermed lite synleg. Det er vist til at det ikkje ligg informasjon i artsdatabanken som kan kome i konflikt med utbygginga.

Vår vurdering

Vi kjenner ikkje til viktig naturmiljø eller raudlisteartar som kan kome i konflikt med ei utbygging slik det er skissert i søknaden. Truleg har området noko verdi for lokalt friluftsliv. Det går ein sti aust for elva, oppover mot det lokale friluftsområdet i øvre del av nedslagsfeltet og det omkringliggjande fjellområdet. Ut frå storleiken på elva, som går tørr i periodar i dag, reknar vi med at vassuttaket vil få avgrensa konsekvens for friluftslivet. Røyrkata er planlagt på andre sida av elva, og gjennom innmark, og vil ikkje kome i konflikt med naturmiljø eller friluftslivsinteresser.

Vi legg til grunn følgjande generelle føringar for slik utbygging:

- *Naturinngrepa skal avgrensast så godt som råd, og området skal tilbakeførast etterpå.*
- *Dyrka mark som blir påverka av arbeidet skal takast omsyn til, i tråd med moderne praksis.*
- *Tekniske installasjonar skal plasserast slik at dei er godt verna mot skred og flaum.*

Vi viser elles til forureiningslova § 7 med generelle reglar om å unngå forureining.»



NVE si vurdering

Hydrologi

Kartverktøyet NEVINA gjev eit nedbørfelt på 0,4 km² for det planlagde inntaket. Tiltakshavar skriv at det ikkje er årsikker vassføring i elva og ut i frå storleiken på nedbørfeltet vurderer NVE at dette er sannsynleg. Vassressurslova § 10 om alminneleg lågvassføring er difor ikkje relevant for dette prosjektet.

Biologisk mangfald

Naturmangfaldlova (nml) legg føringar for berekraftig bruk av norsk natur og vert lagt til grunn når NVE vurderer meldinga. For å kunne oppfylle forvaltningsmåla i nml §§ 4-5 er ein avhengig av eit godt kunnskapsgrunnlag, jf. nml § 8. Dersom kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg skal ein gjere nytte av føre-var-prinsippet jf. nml § 9.

Det er ikkje utarbeidd rapport om biologisk mangfald i samband med planane om Gjemlielva mikrokraftverk. Søk i Naturbase og Artskart den 23.8.2021 viser ingen registreringar av viktige naturtypar eller raudlista artar. Høyringspartane har heller ikkje informasjon om slike. Elva har ikkje årsikker vassføring, og den har difor ikkje særleg verdi for fisk. Med bakgrunn i informasjon frå tiltakshavar, høyringsuttalar, søk i databasar og egne erfaringar, vurderer NVE kunnskapsgrunnlaget til å vere tilstrekkeleg til å vurdere konsesjonsplikt, jf. at kunnskapsgrunnlaget skal stå i forhold til saka sin karakter og sjanse for skade på naturmangfaldet. Ut i frå eksisterande kunnskap kan vi ikkje sjå at det planlagde tiltaket vil føre til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser knytt til biologisk mangfald. Tiltaket vil etter NVE sitt syn ikkje komme i konflikt med forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4-5.

Landskap og friluftsliv

Det planlagde kraftverket ligg innanfor to viktige friluftslivsområder, eit stort turområde utan tilrettelegging og eit område med nærturterreng. Statsforvaltaren opplyser om at det går ein sti aust for elva opp mot eit lokalt friluftsområde. Ut i frå flyfoto ser det ikkje ut til at elva har nokon framtrekande plass i landskapet på den påverka strekningen. Elva går også tørr innimellom, og har truleg ikkje noko viktig verdi for friluftslivet. NVE kan ikkje sjå at det planlagde tiltaket vil vere nemneverdig til skade eller ulempe for interesser knytt til landskap og friluftsliv.

Kulturminne

Vestland fylkeskommune kjenner ikkje til viktige kulturminne eller kulturmiljø i området der tiltaket er planlagt. Dei ser likevel at delar av areala, ut i frå topografiske forhold har potensiale for automatisk freda kulturminne. Dei trekk fram arealet for leidningsgrøfta fram til påkopling til nett som spesielt interessant. Dei skriv at dersom tiltaket skal realiserast må fylkeskommunen få høve til å vurdere detaljerte planar og til å kunne gjennomføre nærare undersøkingar. Dette blir eventuelt teke hand om i seinare saksbehandling av tiltaket.

Oppsummering

Gjemlielva har ikkje årsikker vassføring. NVE kan ikkje sjå at allmenne interesser knytt til biologisk mangfald, friluftsliv eller kulturminne blir påverka av tiltaket.



NVE sitt vedtak

Med heimel i vassressurslova § 18 og delegering til NVE frå Olje- og energidepartementet av 19. desember 2000, vedtek NVE at tiltaket ikkje treng konsesjon etter vassressurslova § 8

Vedtaket legg til grunn at tiltaket vert gjennomført i samsvar med planane som er lagt fram. Dersom planane vert endra, bør tiltaket vurderast på nytt. Iverksetting av konsesjonspliktig tiltak utan naudsynt konsesjon er straffbart etter vassressurslova § 63.

Vi gjer merksam på at sjølv om tiltaket ikkje er konsesjonspliktig etter vassressurslova, gjeld regelen i vassressurslova § 5 om aktsemd og vassressurslova § 41 om nedlegging av vassdragsanlegg.

Dette vedtaket er gyldig i fem år. NVE anbefaler at saka vert lagt fram for NVE for ny vurdering dersom det er ønskje om å realisere tiltaket etter dette tidsrommet.

Vidare sakshandsaming

NVE sin konklusjon bygger på dei opplysningane som er gjevne i meldinga sendt inn 21.1.2021. Ved endringar i planane bør ein sende ny melding, slik at NVE kan vurdere konsesjonsplikta på nytt. Anlegg som ikkje er bygd i samsvar med planar godkjent av NVE, inkludert planlagt installert effekt og slukeevne, vil ikkje ha rett til el-sertifikat, jf. forskrift om el-sertifikat § 9, 2. ledd, bokstav a.

Vi understrekar at dette vedtaket ikkje gjev løyve til bygging. Tiltakshavar må sjølv ta kontakt med kommunen for nødvendige avklaringar og for å få dei nødvendige løyva.

Vidare gjer vi merksam på at tiltakshavar sjølv må avklare tilhøva til dei private interessene som tiltaket eventuelt kan gje følgjer for. NVE vurderer ikkje dei privatrettslege tilhøva.

Tiltakshavar skal gjere ei vurdering av konsekvensar for brot på dam (demning) og turbinrøyr ved å fylle ut skjema for klassifisering. Skjema for klassifisering og «Forskrift om sikkerhet ved vassdragsanlegg» (damsikkerheitsforskrifta) finnast på NVE sine heimesider; www.nve.no. Utfylt skjema med vedlegg skal sendast til NVE. Vedtak om klasse vert gjort i eige brev frå NVE. Vi minner om at dam og røyr i klasse 4, 3, 2 eller 1 må prosjekterast av NVE-godkjend rådgjevar og i samsvar med reglane i damsikkerheitsforskrifta. Arbeidet med tekniske planar bør ikkje startast opp før NVE har vurdert og gjort vedtak om konsekvensklasse.

NVE har ikkje vurdert om det er ledig nettkapasitet på alle spenningsnivå. Det er tiltakshavar sitt eige ansvar å sørge for nødvendige avklaringar. Vi anbefalar at det vert teke kontakt med lokal områdekonsesjonær for slik avklaring.

Har kraftverket ei merkeyting over eller lik 100 kVA, gjer vi merksam på krav om forbruksavgift på elektrisk kraft, sjå rundskriv om dette på www.toll.no. Rundskrivet kan du også få på næraste tollstad.

Igangsetting av kraftverk skal meldast inn på skjema som finnast på <https://www.altinn.no/> (*Melding om idriftsettelse nye vannkraftverk eller opprustings- og utvidelsestiltak i eksisterende kraftverk, NVE-0018*).



Om klage og klagerett

Sjå vedlegg om rett til å klage.

Det kan vere utfordringar knytt til koronaviruset. Dersom det ikkje er mogleg å sende ein klage innan tre veker, må de sende ein grunngjeven søknad om utsett klagefrist til nve@nve.no. De kan også finne informasjon om fristar i samband med koronaepidemien på nettsidene våre: <https://www.nve.no/nytt-fra-nve/andre-nyhetssaker/nves-frister-gjelder-som-normalt-soknader-behandles-enkeltvis/>.

Med helsing

Inga Nordberg
direktør

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Gulen kommune
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.
Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: Skrive kva for vedtak du klagar på. Skrive kva for eit resultat du ønsker. Opplyse om du klagar innanfor fristen. Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.